

TOKKE KOMMUNE  
Storvegen 60  
3880 DALEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 11/05808-70

21.05.2025

Ark.: 326.12

## Oppstart av namnesak 2025/94 – Smogåi/Smøgåi mfl i Tokke kommune

I samband med høyring av ein verneplan i Tokke kommune har Språkrådet teke opp namnesak for namnet på elva Smogåi/Smøgåi/Smågåi og namnet på skaret Smogågjuvet/Smøgåjuvet/Smågågjuvet, jf. brev datert 29.04.2025. Saka vert teken opp for å få avklart rett skrivemåte for offentleg bruk.

Statens kartverk sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Saka gjeld fylgjande namn med variantar av skrivemåtar:

Løpe-nr.	Namn i offentleg bruk / forslag	Namnetype	Skrivemåtar i offentleg bruk
1	Smogåi Smøgåi Smågåi	Elv	<i>Smågåi</i> på Norge 1:50 000 frå 1970. <i>Smøgåi</i> på økonomisk kartverk frå 1972. <i>Smogåi</i> på Norge 1:50 000 frå 1993 mfl..
2	Smogågjuvet Smøgåjuvet Smågågjuvet	Skar	<i>Smågågjuvet</i> på Norge 1:50 000 frå 1970. <i>Smøgåjuvet</i> på økonomisk kartverk frå 1972. <i>Smogågjuvet</i> på Norge 1:50 000 frå 1993 mfl..

For fleire opplysningar om namna, sjå innsynsløysinga vår for SSR: [www.norgeskart.no/ssr/](http://www.norgeskart.no/ssr/).

### Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn. Før vi gjer vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til.

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor ber vi om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, ber me om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

### **Normeringsprinsipp**

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vera retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 tredje ledd i lova. Kommunen må difor setja på vent eventuelt pågåande saker som gjeld adressenamn og adresses tilleggssnamn, der dei same namna inngår, til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamnet. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjera vedtak.

### **Vidare saksgang**

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kvar av partane har to månader på seg til å gje høyringssvar, frå dei mottek brevet. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Kommunen skal, innan tre månader frå dei mottek dette brevet, sende høyringssvara til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Venleg helsing

Helge Dønvold  
seksjonsleiar

Christian Mathiesen  
saksbehandlar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)  
[Forskrift om stadnamn](#)  
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Kopi til: Språkrådet  
Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark